

Informasjon om skulefritidsordninga i Time kommune

Skulefritidsordninga (SFO) er eit tilbod for elevar frå 1.-4. klasse før og etter skuletid. SFO legg vekt på vennskap, lek, aktivitet og sosialt samvær.

For at barnet ditt skal få plass på SFO, må du melda han/ho på via «Visma Flyt Skule». Om du ikkje har tilgang til Visma Flyt Skule, kan du ta kontakt med skulen for å melda barnet på. Du bestemmer dagar og kva tid barnet ditt skal vera i SFO ved påmelding.

Det er viktig at de held dykk til den tida som er avtalt. De må og avtala med skulen kven som skal henta barnet eller om barnet skal gå heim sjølv når SFO-tida er over. Om barnet ditt ikkje skal vera på SFO som avtalt, må du gje beskjed. Du kan og gje beskjed om fråvær på telefon nummer: _____

Opningstida på SFO:

SFO opnar kl: 07.15.

SFO stenger kl:16.00.

I skuleferiane er SFO open. Me ønskjer at de melder frå om de ikkje skal å bruka tilbodet i skuleferien.

Om de vil endra tid på SFO, eller seia opp plassen, kan de gjera dette i Visma flyt skule. Om de ikkje kan bruka Visma, må de ta kontakt med SFO-leiar for å avtala endringa. Det tek to månader frå den 1. i månaden etter at de gjev beskjed om ei endring, eller seier opp, til endringa gjeld. Oppseiingstida og endringstida er med andre ord 2 månader.

Innhald og praktisk informasjon:

SFO er ein læringsarena som gjennom omsorg, tryggleik, trivsel og toleranse tilbyr og legg til rette for eit variert utval av aktivitetar. Aktivitetane skal samsvara med fokusområda som er valde for SFO.

Fokusområde for SFO i Time kommune er:

1. Sosial kompetanse
2. Fysisk aktivitet
3. Kreativitet
4. Mat og helse

Barna skal vera ute dei fleste dagane, og det er viktig at dei har uteklede og sko som passar til veret. Dei treng regnklede og varme uteklede om vinteren. På SFO bør dei ha skifteklede. Om dei har skifteklede på skulen, kan dei bruka desse.

Pris per 01.01.2019:

Inntil 3 dagar i veka: 1810,-

Inntil 4 dagar i veka: 2415,-

Inntil 5 dagar i veka: 3015,-

Kjøp av ekstra dagar: 240,- per dag

På SFO får barna om mat morgon og ettermiddagen. Dette er inkludert i prisen.

Dei vaksne på SFO:

Rektor har det overordna ansvaret for SFO. Dagleg leiar har ansvar for dagleg drift og er kontaktpersonen for dei føresette. Dei største SFO'ane har og avdelingsleiarar. Dei vaksne som arbeider på SFO og har den daglege kontakten med barna er oftast fagarbeidarar eller miljøterapeutar. Mange jobbar og i skulen og møter elevane på begge stadane.

Samarbeid med føresette:

For at barnet ditt skal ha det godt på SFO, er det viktig med god dialog og godt samarbeid. Då treng dei som arbeider på SFO at du informerer om forhold som kan bety noko for korleis barnet trivst. Dette er ein føresetnad for at dei som arbeider på SFO skal kunna gje tilpassa omsorg til ditt barn.

Det er viktig at dei føresette held seg til dei avtalar som er inngått og respekterer opningstida.

Om det er noko du lurar på, set dei tilsette på SFO stor pris på at du spør.

Kvar haust er det foreldremøte for SFO og det er viktig at du som føresett deltek. Det er mogleg å få tolk på dette møtet om de melder frå til SFO-leiar nokre dagar før møtet.